

Politikardebatt under Matfestivalen:

# - Det må vere plass til både små og store i landbruket

- Det må vere plass til både små og store aktørar i norsk matproduksjon, konkluderte stortingsrepresentant Else-May Botten (A) i valdebatten under Matfestivalen i Ålesund.

"Det har aldri vore produsert så store mengder mat i Norge", repliserte landbruksminister Jon Georg Dale.

Og SP sin andrekanndat, Geir Inge Lien, la til at landbruket er avhengig av marknadspolitikken.



Mange fylgde debatten på St. Olavs plass i Ålesund sentrum.

Bondelagskokken Nils Henning Nesje (t. h.) saman med debattantane. Fremst og bakover: Geir Inge Lien (SP), Marianne Synnes (H), Pål Farstad (V), Steinar Reiten (KrF), Else-May Botten (A) og Jon Georg Dale (Frp).

BB - KJELL OPSAL  
BB - REIDAR OPSAL

Debatten gjekk i god tone utan særleg innslag av munnhoggeri. Deltakarane "varma" seg opp på upasteurisert melk,

og fekk innføring av Øyvind Havåg om korleis familien skal leve eitt heilt år til ende berre på norsk mat. "Det er mykje vanskelegare enn vi hadde trudd", sa han og fortalte at dei har gjort unntak for kaffi!

dat Hogre): Vi vil ha norsk mat i butikkane, men når det gjeld ferskvarer er det nitrist det vi finn ute på marknaden. Bondelaget må påvirke kjedene til betre norsk mat.

**Velstelt**  
Geir Inge Lien (2. kandidat SP): Norsk landbruk er veldig trygt. For turistane er det fantastisk å sjå eit velstelt kulturlandskap. Alle er opptekne av sunn og god mat. Pål Farstad (1. kandidat Venstre): Vi vil ha landbruk i heile landet og vi støtter najsproduksjon.

**Beste sendetid**  
Debatten som gjekk i "beste sendetid" under festivalen, samla mange tilhøyrar. Landbruk engasjerer og der er i alle fall lyspunkt som når Steinar Reiten sat at "det er opploftande at det er vekst i talet på heiltidsbønder", noko som han krediterte Venstre og KrF for. Pål Farstad modererte litt og sa at dei har fort landbrukspolitikk i godt samarbeid med regjeringa.

**Stortinget bak**  
Oppmodinga frå Havåg etterlet ingen tvil: "Den som kjøper norsk mat gir si stemme til norsk matproduksjon" -Landbruksministeren understreka at Stortinget står bak satsinga på produksjon av norsk mat, men produksjonen må lønne seg. "Vi må tørre å gjere ting annleis og ikkje konservere alt som Senterpartiet vil".

**Landet gror att**  
Else-May Botten: Vi må få butikkjedene med på lansering av lokalmaten. Ho var inne på at landet held på å gro att: "Kulturlandskapet er heilt avhengig av beitetilskot".

**Ikkje til utlandet**  
Steinar Reiten (1. kandidat KrF): Vi må ikkje gå til utlandet for å fylle matfatet. Marianne Synnes (2. kandi-

## Reint hav

Det handlar om dei som kjem etter oss

Vi bur i eit fylke med ein fantastisk natur som også har lagt grunnlaget for velferda vår. Vi må ta vare på havet, det skal gi oss mat, vekst og framtid:  
- vern Mørefeltet, Lofoten, Vesterålen og Senja  
- reint hav, fritt for plast og søppel  
- meir klimavenleg transport på land og sjø

Pål Farstad og Skodje Venstre, på lag med framtida

